

## **Visitas i Sør-Aurdal 1.- 6. desember 2015**

### **Utfordringa frå Hamar biskop**

- 1) Sjå på lyssettinga av altarpartiet i Hedalen stavkyrkje som opplevast noko for sterkt, og blant anna blendar presten under kyrkjelege handlingar. Dette gjer at lyssettinga ikkje kan brukast når presten er ved altarpartiet, og slik får ein heller ikkje lyssett dei viktige klenodia i kyrkja.
- 2) Utarbeide ei samling av salmar og songar (anslagsvis 20) for høgtider og kyrkjelege handlingar som kan brukast i trusopplæringa, i samarbeidet kyrkje/skule, konfirmantarbeidet og ved andre naturlege høve.
- 3) Ta ein gjennomgang av det lokale kyrkjeåret med desse utgangspunkt:
  - a) tek årsplanane for gudstenester og andre arrangement omsyn til det som skjer lokalt?
  - b) Vurdere om de kan ha to gudstjenester på einskilde søndager, og særskilt dei gudstenestene som er knytta til trusopplæringa.
  - c) Sjå om de tematisk kan trekke inn dei viktige historiske personar frå kommunen i gudstenestelivet slik som Mikkjel Fønhus og Sigurd Islandsmoen.
- 4) Samsnakke i sokneråda og fellesrådet om korleis den lokale kyrkja kan vera ein bidragsytar inn mot integreringa av dei som kjem.
- 5) Saman med kommunen finne områder det går an å samarbeide om i møte med flyktningkrisa.
- 6) Fullføre arbeidet med universell utforming i alle kyrkjer og kyrkjebygg.
- 7) Å utarbeide ein plan for regelmessige andaktar og kyrkjeleg nærvær på institusjonane.
- 8) Vidareutvikle og styrke den gode relasjonen til skuler og barnehagar, ved å gå gjennom på nytt dei planar og samarbeid de har i dag og vidareutvikle konkrete og gjennomførbare avtaler for samarbeid mellom skole og kyrkje og samarbeid mellom barnehage og kyrkje ut frå gjeldande lov- og planverk.
- 9) Saman med kommunen planleggje renovering av råteskadene i Bagn kyrkje.
- 10) Utarbeide ei prioriteringsliste og ein langtidsplan for vedlikehald i alle kyrkjer.
- 11) Sikre fortsatt god tverrfagleg samhandling kring det kyrkjefaglege arbeidet med jamlege kontormøter for tilsette.